

Små og store kosa seg på isen.

04.03.2018



Små og store kosa seg på isen på Fjellandsbø i dag.

Det var ein gild dag på Fjellandsbøvatnet i dag. Små og store kosa seg på isen. Nokre gjekk på ski inn Åsaredalen, andre gjekk til fots fram til tunet på Fjellandsbø. ISEN ER MÅLT TIL HEILE 20 CM. OG MÅ REKNAST SOM TRYGG SÅ LENGE DET ER KULDEGRADER.

Det vart måka skøytebane alt på torsdag. Så kom det snø og det vart i går kveld på nytt måka og gjort klart for ein fin dag på isen. I 11 tida i dag, sundag, var det alt om lag 20 frammøtte, store og små. Mange hadde skøyter, men for dei minste var det like kjekt å bli dregen rundt på akebrett.

Med gapahuken ligg alt vel til rette for eit fint opphold på Fjellandsbø. I litt dårlig ver kan ein søkja ly, koka seg kaffi og ha de fint i eit sosialt fellesskap. Turen på ski langs vatnet, via tunet på Fjellandsbø og på skogsvegen inn Åsaredalen, er for alle. Terrenget er lett stigande og nedfarten er trygg.

Uskedalen.no oppmodar alle å bruka isen og skiterrenget i nærmiljøet så lenge det varer.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Hilde Døssland



Sivert Døssland Buanes (5 år) frå Stord med gode skøytetak på isen i dag.